

NOTAT  
**NUPI**  
P A P E R

Nr.432 Oktober 1990

NUPI-LIBRARY  
P. b. 8159 Dep.  
0033 Oslo 1

**Daniel Heradstveit**

**DET POLITISKE SPRÅKET  
I SOVJETUNIONEN**

norsk  
utenrikspolitisk  
institutt



**NUPI**

norwegian institute of international affairs

ISSN 0800-0018

Alle synspunkter står for forfatterens regning. De må ikke tolkes som uttrykk for oppfatninger som kan tillegges Norsk Utenrikspolitisk Institutt. Denne artikkel kan ikke reproduseres - helt eller delvis - ved trykking, fotokopiering eller på annen måte uten med tillatelse fra forfatteren.

Any views expressed in this article are those of the author. They should not be interpreted as reflecting the views of the Norwegian Institute of International Affairs. This article may not be reprinted in part or in full without the permission of the author.

**NORWEGIAN INSTITUTE  
OF INTERNATIONAL AFFAIRS**

**NORSK UTENRIKSPOLITISK  
INSTITUTT**

**P.O.Box 8159 Dep.  
N-0033 Oslo 1  
NORWAY**


**Tlf: (47) (02) 17 70 50**

**Daniel Heradstveit**

**DET POLITISKE SPRÅKET  
I SOVJETUNIONEN**

Inlegg som førsteopponent på Bo Peterssons doktoravhandling ved  
Universitetet i Lund våren 1990

Norsk Utenrikspolitisk  
Institutt  
Reg. nr. 144



5: Foreign policy  
International politics  
Liberals  
WWI  
International

6: USSR  
Austria  
Finland  
Sweden  
Switzerland

## 1DET POLITISKE SPRÅKET I SOVJETUNIONEN

Innlegg som førsteopponent på Bo Peterssens doktoravhandling ved Universitetet i Lund våren 1990

Bo Petersson har skrive ei avhandling med tittelen  
"The Soviet Union and Peacetime Neutrality in Europe.  
A study of Soviet Political Language."

Boka er publisert på Studentlitteratur Lund mai 1990 og byggjer m.a. på ein tidlegare studie av Bo Petersson. Denne studien er publisert i 1989 med tittelen "Sovjetunionen och neutraliteten i Europa. Sovjetiska kommentarer om Finlands, Schweiz', Sveriges och Osterrikes neutralitetspolitik 1955-1988".

Han har òg publisert artiklar om nøytralitetsspørsmålet i Nordic Journal of Soviet and East European Studies, og vidare i the International History Review.

Bo Petersson hadde såleis grundig kjennskap til det empiriske feltet før han tok til med det arbeidet han i dag presenterer, og som tek for seg den politiske retorikken før Gorbatsjov kom til makta. Den er fokusert på kommentarar i sovjetiske media om nøytralitet generelt og politikken til dei nøytrale statane Sverige, Finland, Sveits og Østerrike spesielt.

Bo Petersson ser på sovjetiske mediakommentarar utifrå to ulike perspektiv:

I den første delen av studien analyserer han språket utifrå det han kallar for ein instrumentell innfallsvinkel. Dvs. at han går utifrå at Sovjetunionen nyttar språket i den hensikt å oppnå noe hos den som budskapet blir retta mot. I den instrumentelle bruken av språket er det overtaling som er det sentrale målet for aktøren. Det Sovjetunionen søkjer å oppnå iflg. Bo Petersson er å påverke dei nøytrale statane.

Petersson opererer med ein taxonomi for å karakterisere dei ulike hensikter Sovjetunionen har med sine budskapar eller "textual messages".

- 1 Sovjetunionen ønskjer å endre atferda til den nøytrale staten (RCP)
- 2 Sovjetunionen ønskjer å sondere muligheten for endring av atferd (RPP)
- 3 Sovjetunionen ønskjer å tilføre aktøren nye holdningar og synspunkt (RSP)
- 4 Sovjetunionen ønskjer å styrkje aktørens alt etablerte politikk (RRP)

Empirisk blir det fokusert på fire cases, nemleg

- 1 sovjetiske kommentarar til Østerrikes EEC-politikk i 1961-1972
- 2 svensk og sveitsisk militærbudsjett
- 3 dei østerrikske initiativa på slutten av 60-talet og tidleg på 70-talet for å fremje KSSE (The Conference on Security and Cooperation in Europe)
- 4 og til slutt finsk nøytralitetspolitikk

Desse fire empiriske cases blir i første del av studien utelukkande behandla som om Sovjetunionen i sine "textual messages" søkjer å påverke dei nøytrale statane til å føre ein politikk som er ønskeleg for Sovjetunionen. I denne delen av studien reknar Bo Petersson som sagt med at språket ikkje seier noe som helst om kva dei sovjetiske makthavarane måtte tenkje og meine innerst inne. Språket blir brukt strategisk og taktisk. Men Bo Peterssons påstand er at jamvel om språket blir nytta på ein taktisk måte, kan dette språket likevel fortelje oss mye om kva som er sovjetisk politikk. Gjennom begrep frå samfunnsvitskapleg teori meiner han å kunne belyse dette materialet på ein måte som avdekkjer trekk ved sovjetisk politikk som vi ikkje utan vidare kunne avlese på eit intuitivt plan.

I den andre delen av studien forlet Bo Petersson det postulat han sette fram i første delen. Han hevdar nå at språket ikkje

nødvendigvis blir nytta strategisk/taktisk utifrå visse hensikter, som å påverke adressaten til å endre si atferd på ein eller annan måte. Nei, nå seier Bo Petersson at språket samstundes er "reflekterande", at språket fortel oss noe om kva oppfatning Sovjetunionen har av nøytralitetspolitikk utan at dette blir tilslørt.

I dette perspektivet innsnevrar han behandlinga av materialet til metaforen. Dette gjer han fordi han meiner at metaforen i særleg grad er reflekterande. Han påstår at metaforen avslører kva aktøren eigentleg tenkjer og meiner om spørsmålet, i dette tilfellet nøytralitetspolitikk. Han vel metaforen fordi han er av den oppfatninga at metaforen i særleg grad får fram aktørens konseptualisering av eit gitt politisk fenomen.

Her går han tilbake til siste del av Stalinperioden. Sentrale metaforar blir identifisert. Det er m.a. metaforen som beskriv nøytralitetspolitikk som kamouflasje. Ein annan sentral metafor er den som beskriv nøytralitetspolitikken som ein veg.

Når vi ser materialet ut frå desse to perspektiva, blir det ved fleire høve understreka av Bo Petersson at språket ikkje berre er instrumentelt eller berre reflekterande, språket er begge delar samstundes. Men ved å behandle materialet utifrå desse to ulike utgangspunkt, vil ein vere i stand til å belyse materialet på ein meir fruktbar måte enn dersom ein berre avgrensar seg til det eine perspektivet. Mao.: Når utgangspunktet er språket, vil ein lære meir om sovjetisk politikk dersom ein ser språket som uttrykk for både det instrumentelle og det reflekterande.

I introduksjonskapitlet fortel Petersson at han har hatt særlege grunnar for å feste seg ved språket fordi Sovjetunionen i den tidsperioden han har behandla i aller høgste grad var eit lukka samfunn. Dette har ført til at sovjetisk politikk til tider har vore vanskeleg å studere. Kjelder som ein ser på som absolutt nødvendige i studie av politikk, har vore utilgjengelege i Sovjetunionen. Dette har iflg. Petersson ført til at mange samfunnsforskarar er blitt skremde bort frå studiar av sovjetisk

politikk. Men skal vi la vere å studere eit felt fordi det metodisk og teoretisk er svært krevjande, når feltet er sentralt for forståinga av internasjonal politikk?

På denne bakgrunn har det skrivne ord i aviser, tidsskrift og monografar fått spesiell betydning i forskning på Sovjetunionen. I mange år var straumen av offisielt og halvoffisielt språk det einaste kjeldematerialet forskaren kunne halde seg til. Mao: språket hadde ei heilt spesiell stilling som kjeldemateriale i forsøka på å oppnå forståing av sovjetisk politikk.

Det er denne konstatering som har ført til at Bo Petersson er kommen til at det har vore spesielt verdifullt å konsentrere seg om russiske kommentarar til sovjetisk nøytralitetspolitikk. Kva kan det politiske språket fortelje oss om sovjetisk politikk?

I studiet av språket hentar Petersson begrep både frå sosialpsykologi og semiotikk. Ved hjelp av desse to teoretiske felte vil ein kunne oppdage bodskapar i språket som ikkje er sjølvvsagde utifrå ein overflatisk eller intuitiv betraktningsmåte.

Gjennom begrepsapparatet søker Petersson å avdekkje måtar å bruke språket på og som samstundes fortel oss noe om retningar i sovjetisk politikk. Dermed blir ikkje kjeldematerialet ei samling av rituell prosa, men ein spennande gjennomgang av teiknsystema som ligg avlagra i språket, bevisst eller ubevisst hos avsendaren.

Petersson bruker mye av introduksjonskapitlet til drøfting av nøytralitetsbegrepet. Historiske perspektiv på nøytralitet blir skissert.

Kjeldematerialet blir også drøfta. Det inneheld relevante artiklar frå sovjetiske dagsaviser og Current Digest of Soviet Press. Sovjetiske tidsskrift er blitt konsulterte, av og til også den engelske utgåva av International Affairs. Vidare har Petersson bygd på sovjetiske monografar, resyme av avhandlingar og antologiar av ulike slag. Dette siste materialet er i stor



grad blitt samla og gjennomgått av forfattaren under opphald i Sovjetunionen i 1984 og i 1986.

Når kjeldematerialet i den grad baserer seg på språket, er det nok ein fordel at Petersson har gode kunnskapar i russisk.

Kapittel 2 er ein gjennomgang av tilhøvet mellom Sovjetunionen og dei nøytrale statane i Europa sidan 1950. Dette kapitlet oppsummerer funn frå tidlegare arbeid av Petersson på same temaet, og som vi har referert til tidlegare.

I kapittel 3 går Petersson for alvor inn i den teoretiske ramma for studien. Han presenterer her det instrumentelle perspektivet på språket. Dette baserer han på desse føresetnadene:

- 1 at massekommunikasjon i Sovjetunionen blir nytta som eit instrument for sovjetisk politikk ved at det er kalkulerande og har klare hensikter
- 2 at valet av mål og strategiar for kommunikasjonen er nøye koordinert med den politiske tenking, vurderingar, forventningar og hensiktene til dei politiske leiarane
- 3 at alle kanalar for massekommunikasjon er underlagt streng og sentralisert kontroll

Desse føresetnadene er sjølvsagt viktige for i kva grad det er mogleg å trekkje konklusjonar om sovjetisk politikk utifrå det materialet som Petersson har. Og vel å merke, desse føresetnadene er berre gyldige før Gorbatsjov.

Petersson understrekar at når hensikten er å påverke, blir det viktig kva teknikkar avsendaren nyttar seg av. Her lanserer Petersson eit relativt omfattande begrepsapparat for å avdekkje desse teknikkane. Forstår vi dei språklege teknikkane, vil vi òg lettare kunne forstå kva hensikten er.

Mønster i argumentasjonen blir avslørt gjennom begrepspara

- 1 inappropriateness-appropriateness
- 2 ineffectiveness-effectiveness

### 3 inconsistency-consistency

Vektlegginga i desse begrepa ligg på det kognitive - det logiske - dei appellerer til aktørane tankevirksomhet.

Men for at dei retoriske strategiane skal bli krona med suksess, av Petersson definert som identification og internalization, innfører Petersson begrep som er mest i slekt med semiotikken.

Vektlegginga her er på affektive verdiar. Det blir kalla for anchoring techniques. Dette er den velkjende retoriske strategi: å knyte argumentasjonen til sentrale verdiar i kulturen, i dette tilfelle ofte nøytralitetsbegrepet. Den retoriske teknikk ligg i å knyte til dømes alle dei positive kjenslene som er knytte til dette begrepet - la oss seie her i Sverige - til sine hensikter. Argumentasjon som ligg utelukkande på det kognitive plan vil sjeldan vekke oppmerksomhet, da må argumentasjonen knyttast til kjensler - kjensler knytte til kulturen, kollektive røynsler som er avlagra i språket.

I dette resymeet kjem eg ikkje til å gå inn på begrepsapparatet. Eg vil komme tilbake til dette i diskusjonen. Som i alle avhandlingar, er dette eit springande punkt.

Etter å ha presentert begrepsapparatet for det såkalla instrumentelle perspektivet, går Petersson over til å anvende begrepsapparatet på dei fire cases vi har referert til tidlegare, dvs.:

sovjetiske kommentarar til den østerrikske EF-politikken fram til 1972

sovjetiske kommentarar til det svenske og det sveitsiske militærbudsjett

østerrikske initiativ på slutten av 1960-talet og tidleg på 1970-talet i arbeidet for å fremje KSSE

Finlands internasjonale posisjon i tillegg til det generelle forhold mellom Finland og Sovjetunionen.

Når det gjeld den østerrikske EF-politikken frå 1961-1972, kjem Petersson fram til at dette er eit godt eksempel på korleis Sovjetunionen ved verbale strategiar - eller "textual messages"-

overfor Østerrike søkte å endre den østerrikske atferda.

Argumentasjonen var som følgjer:

- 1 sterkare økonomiske band mellom dei nøytrale og EF kunne føre til politiske band
- 2 lettare tilgang til EF vil føre til endring av status quo på bekostning av sovjetiske interesser
- 3 nye handelsavtalar mellom nøytrale og EF måtte nødvendigvis føre til diskriminerande tiltak mot den sovjetiske eksporten til Vest-Europa

Eit anna sentralt problem for Sovjetunionen var militærbudsjetta til dei nøytrale landa, og skytset blei i særleg grad retta mot Sverige og Sveits. Her hadde ikkje Sovjetunionen store forhåpningar om verkeleg å endre atferda til adressaten. Retorikken tok difor preg av, og er ein illustrasjon på, det Petersson kallar for "Probing response changing persuasion". Vi kan kanskje kalle det retorisk sondering. Dette er kvalitativt ulikt dei tilfella der ein har reelle håp om å endre atferd. Da klassifiserer Petersson retorikken som Response Changing Persuasion.

Petersson finn sterke parallelle trekk i Sovjetunionens argumentasjon her, og i argumentasjonen Sovjetunionen nytta seg av når det galdt frykten for at Sverige og Sveits ville skaffe seg kjernefysiske våpen. Strukturen i argumentasjonen senterer rundt to tema: det Petersson kallar for Inappropriateness og Ineffectiveness.

Den østerrikske politikken når det gjeld KSSE blir halden fram som døme på det Petersson ser som ein retorisk strategi der ein tek sikte på å oppmuntre og styrke ønskeleg atferd. Den østerrikske atferda er både appropriate og effective. Østerrike er nå blitt den snille guten i klassen, og retorikken er drastisk lagt om.

Men det beste eksempelet på den snille guten i klassen er likevel Finland. Retorikken her har som siktemål å styrke ei alt etablert atferd. Her er det snakk om å oppmuntre atferd, ikkje å

avskrekke.

I kapittel 5 presenterer Petersson det teoretiske utgangspunktet for sitt andre perspektiv på språket. Her viser han til at den politiske verkelegheten kan bli delt inn i tre ulike nivå:

- 1 fakta i dei politiske omgivelsane
- 2 persepsjonen av desse fakta
- 3 den retoriske presentasjon av dei persiperte fakta

Hovudpåstanden er at språket i stor grad blir brukt instrumentelt eller retorisk, men samtidig vil det innehalde komplementerende delar som er reflekterande eller ekspressive. Språket vil også innehalde indikatorar på dei innerste tankar og kjensler til avsendaren.

Metaforen som språkleg fenomen får her ein omfattande teoretisk gjennomgang, for vidare å bli empirisk applisert i kapittel 6. Konklusjonen er at metaforar på ein framifrå måte både summerer opp, og ikkje berre summerer opp, men og påverkar tenkjemåten i Sovjetunionen når det gjeld nøytralitet.

Før eg går vidare og drøftar spesifikke punkt i avhandlinga, vil eg få lov å spørje Petersson om han har innvendingar mot resymeet av arbeidet eg nå har gitt.

Eg har først tre prinsipielle innvendingar mot avhandlinga til Bo Petersson:

#### **Første prinsipielle innvending**

Kva står sentralt i ein forskingsprosess?

Teori og emperi er to sentrale element. I Peterssons avhandling finn vi rikeleg av begge delar.

Når det gjeld metode, som er det tredje sentrale element, leitar vi med mindre hell i avhandlinga etter ei drøfting av denne. Det er eksempelvis ikkje eit separat metodekapittel slik konvensjonen er for dei fleste avhandlingar. Forklaringa kan vere at metoden

er så grei at det ikkje er nødvendig å ha noe separat kapittel, eller at drøftinga av dette sentrale punktet er inkorporert i andre kapittel.

Vår mistanke om manglande drøfting av metode blir likevel ikkje avkrefta og får oss til å stille visse spørsmål.

I samfunnsvitskap har det i etterkrigstida vore ein litt ilter og til dels ufruktbar debatt om kvantitative versus kvalitative forskingsmetodar. Debatten om positivisme versus hermeneutikk er knytt til dette problemkomplekset.

Det er på ingen måte min hensikt i denne samanhengen å reise noen debatt på dette grunnlaget, men la meg likevel seie at eg trur det ville ha vore ein styrke for avhandlinga om den hermeneutiske metoden hadde blitt drøfta i tilknytning til dei metodiske problema som knytter seg til avhandlinga.

Dei metodiske problema eg vil reise er likevel irrelevante i forhold til kva forskingstradisjon ein måtte sverge til.

Bo Petersson introduserer ein serie teoretisk begrep i avhandlinga som alle er definerte teoretisk. Derimot er den operasjonelle definisjonen av begrepa ikkje alltid like tilfredsstillande. Det er ikkje alltid klart korleis han har prøvd ut teori og begrep på det empiriske materialet.

Dette fører fram til det vesentlege spørsmålet:

Ville ein forskar med same teori, same begrep og same materiale som Petersson kome fram til dei same funn - eg understrekar her funn - ikkje tolking av funna.

For å gjere diskusjonen så konkret som mogleg på dette punktet vil eg ta opp eit enkelt begrep som eg trur alle her kjenner til: begrepet "consistency".

Dette begrepet har ein grei teoretisk definisjon, men operasjonaliseringa av begrepet kan bli uhyre vanskeleg - og NB: ein vil komme fram til ulike resultat alt etter korleis ein vel å operasjonalisere begrepet. Dette er difor meir enn eit trivielt

spørsmål.

Uavhengig av forskingsmetode bør reglane for å kategorisere ei utsegn vere klar, jamvel om ein sjølv sagt i praksis at tid vil stå ovafor vanskelege skjønsspørsmål.

For ikkje å bli misforstått, la meg igjen gjere det klart at eg ikkje her argumenterer for den såkalla "tradisjonelle innhaldsanalyse". Denne tek ikkje tilstrekkeleg omsyn til at betydning alltid er avhengig av kontekst.

I tillegg til den reinte lingvistiske analysen blir Petersson sin analyse av kontekst viktig fordi semiotikken lærer oss at språket som kommunikasjonsmiddel berre kan bli forstått med bakgrunn i den kontekst det blir framsett i. Når vi i Norge seier "gratulerer med 17.mai" på 18. mai, kan det ha ein dramatisk annan betydning enn når det blir sagt på sjølve 17.mai.

Det nyttar ikkje å slå opp i ordlista for å få greie på kva leiarane i Sovjetunionen kan ha meint med ei utsegn. Vi kjenner betydningen av eit ord berre når vi ser det i den kontekst det blir framført i.

Analyse av kontekst blir essensielt for kartlegging av betydningen av ei kvar utsegn, og her står Petersson på trygg grunn.

Konstateringa av den slaviske innhaldsanalyses ufullkommenheit bør heller ikkje føre til at vi innfører vilkårlegheit i klassifisering av empirien i forhold til dei kategoriar vi har sett opp. Da vil forskinga tape mye i verdi.

Problemet med etterprøving av materialet gjenstår. Korleis vil vi kontrollere om det er sjusk og omtrentlegheit, eller om forskaren - gjerne ubevisst og mot sin eigen vilje - har tilpassa terrenget etter det teoretiske kartet, og ikkje omvendt som er grunnlaget for all empirisk forskning?

Det ville vere lettare å kontrollere Peterssons empiriske utprøving dersom det i ein appendiks t.d. hadde vore illustrerande eksempel på klassifisering av materialet i forhold

til kategoriane - eller kanskje enda betre: ei komplett liste over alle klassifiseringar.

Innan den tradisjonelle innhaldsanalysen har det utvikla seg ein skole som gjerne blir kalla for "latent" koding. I "latent" koding er kodaren trenna i teori og begrep og gjennomfører tolking av materialet i utstrekt grad. Ved ein slik framgangsmåte kan vi likevel benytte reliabilitetstestar, og ein slik metode ville ha gitt eit meir presist uttrykk for tendensane i materialet.

#### Det reflekterande perspektivet

Det som er sagt til nå, gjeld den analysedelen som går på det instrumentelle perspektivet. Når det gjeld det reflekterande perspektivet, oppstår problemet i ei litt anna form. Spørsmålet er etter kva metodiske kriterier du har valt ut dei metaforane du vel å presentere.

Framgangsmåten gjer at det igjen er ein viss fare for å tilpasse terrenget etter kartet. I dette tilfellet er ikkje kartet komponert utifrå samfunnsvitskapleg teori, men dine alt forhåndsetablerte oppfatningar, eller gjerne den konvensjonelle visdom av kva som er sovjetiske persepsjonar på det aktuelle feltet. På dette grunnlaget vel du så ut sentrale metaforar som på ein slåande måte summerer opp eigne og truleg andre sine oppfatningar av sovjetisk tenking. Eg vil ikkje hevde at du har gått fram på denne måten, berre konstatere at utifrå avhandlinga slik den er nå, er det relevant å reise spørsmålet.

Er konklusjonane når det gjeld metaforbruken ei reell utprøving av materialet, eller er det metaforar som støttar opp om eigne persepsjonar om kva som er sovjetiske persepsjonar?

Ein annan framgangsmåte ville vere først å registrere universet av metaforar i materialet ditt, og deretter registrere utifrå visse eksplisitte kriterier for kva metaforar du meiner er mest representative.

Igjen blir dette med vitskapleg etterprøving av måten du har nytta teorien på for å utprøve det empiriske materialet eit problem som fortener ei grundig drøfting.

#### Andre prinsipielle innvending

Det empiriske materialet ditt knytter seg til "textual messages". Dette knytter du til ein aktør som har spesielle hensikter i nærare omtalte politiske situasjonar eller cases. Dette er utgangspunktet ditt. Så langt er det bra.

Men i den teoretiske begrepsramma blir du brått - og for meg uventa - oppteken av i kva grad "textual messages" verka på adressaten, i dette tilfelle Europas nøytrale statar.

Etter mi oppfatning er dette ei ny problemstilling, som krev heilt andre framgangsmåtar. Å måle effekten av budskapen er noe heilt anna enn å avdekkje sendarens hensikter og retoriske teknikkar innebygd i budskapen.

For å fange opp dette introduserer du to begrep henta frå sosialpsykologi: "Identification" og "Internalization".

Dersom mottakaren av budskapen identifiserer seg med eller internaliserer budskapen, er hensikten til avsendaren oppnådd. Den instrumentelle budskapen er krona med suksess.

Sjølvsagt har du med din grundige kjennskap til dei nøytrale aktørane klarare meiningar om effekt på adressaten enn det ein person med mindre kunnskap på feltet har. I tillegg støttar du deg til sekundærlitteratur. Du vil kunne komme nær det som blir kalla educated guesses.

Men ved å introdusere begrepa "identification" og "internalization" i den teoretiske ramma for analysen, hevar du ambisjonsnivået for analysen, og da på ein måte du ikkje heilt kan oppfylle. Du har ikkje materiale som kan teste dette anna enn



utifrå heilt generelle observasjonar.

Etter mi oppfatning forlet du her det instrumentelle perspektivet som du har sagt du skal belyse, og introduserer eit teoretisk og empirisk tilleggsperspektiv som kompliserer problemstillinga. Det oppstår også ei viss teoretisk forvirring.

### Tredje prinsipielle innvending

Det er ein god regel å vere litt gjerrig (snål) med dei begrepa som blir introdusert, dette mellom anna fordi alle begrep er problematiske i samfunnsvitskap.

Eg synest du er litt for generøs med antall begrep i den instrumentelle analyseramma di. Det blir meir krevjande enn det treng å vere både for lesaren og for den som skal gjennomføre forskinga. Sjansane for å bli teoretisk uklar og manglande presisjon aukar òg ved eit stort antall begrep. Begrepsproblemet blir ikkje mindre ved at du hentar begrepa frå to ulike forkingstradisjonar. Dette gjeld ikkje berre for begrepet identification - men går vi vidare i begrepsskjemaet til the anchors finn vi her eksempelvis begrepet beliefs som står i eit uklart forhold til sanctified concepts, groups norms etc. Beliefs er eit begrep som ligg på eit overordna nivå i forhold til "sanctified concepts". Begrepa går over i kvarandre, og dei blir ikkje gjensidig ekskluderande.

Min påstand er at den teoretiske begrepsramma kan forenklast. Dette vil styrkje det teoretiske utgangspunktet, samstundes som du gjer det enklare for deg sjølv og for lesaren.

Eg presiserer at det eg har sagt til nå avgrensar seg til den instrumentelle begrepsramma.

Begrepsramma for å analysere sovjetiske persepsjonar er solid og grundig. Diskusjonen blir fokusert og presis ved at du har hefta deg ved det sentrale begrepet metaforen. Og for lesaren blir det spennande lesing. Den smule teoretiske forvirring som i den instrumentelle begrepsramma skapte frustrasjon og minkande

utbytte, blir her avløyst av teoretisk klarhet og belønning - også for lesaren.

Generelt har vi vanskeleg for å hugse fakta. Ein god metafor derimot kan feste seg i minnet for alltid, og i stor grad vere styrande for vår tenking på eit gitt felt.

Metaforen blir organiserande for vår tenking på eit visst saksfelt, den bestemmer retninga av resonnementet vårt. Det er liten tvil om at metaforen er i nær slekt med det ekspressive.

Samstundes er metaforen ein komplisert verbal konstruksjon, den er mangetydig og full av meining. Difor appellerer den til store grupper. Den er nyskapande for tenkinga vår, samstundes som den er djupt forankra i rike assosiative begrep frå fortida. Gjennom få ord maktar den å fange opp og beskrive ein kompleks sosial verkelegheit, og ofte på ein meir meiningsfull måte enn såkalla denotativ eller vitskapleg språkbruk.

Men eg kan ikkje la vere å peike på at fordi om framstillinga av metaforen er solid og grundig, utelet du likevel drøfting av ein viktig funksjon som metaforen har i vår persepsjonsdanning.

Eg er heilt på linje med deg når du hevdar at metaforen er reflekterande, men vel og merke, det gjeld berre for den metaforen som alt er konvensjonalisert, kollektivisert og dermed opptatt som ein integrert del av språket.

I tillegg har metaforen ei viktig rolle som nyskapar for tenkinga vår og språket vårt, men ei nyskaping av ein metafor kan gjerne bli ei døgnflue fordi den ikkje treffer. Da blir den ikkje konvensjonalisert, men lagt død i utgangspunktet og den blir dermed heller ikkje reflekterande.

Ein vellykka metafor skaper nye persepsjonar ved at den får oss til å sjå samanhengar mellom to forhold vi tidlegare ikkje såg at det eksisterte noe forhold mellom. Men da er ikkje metaforen i utgangspunktet reflekterande, men den blir det. Den vil sjølvsagt alltid referere til rike assosiative begrep lagra i kulturen, men forholdet mellom desse begrepa representerer noe kvalitativt

nytt. Her ligg også metaforens styrke som retningssskapande for vår tenking.

At same språklege uttrykk kan vere både reflekterande og instrumentelt, blir understreka av forfattaren sjølv, men Petersson ville ha vunne på å få med at den også kan vere nyskapande i den teoretiske drøftinga av metaforen. Det ville da blitt klarare kva type metaforar som ligg til grunn for analysen.

Eg skal nå gå over til det eg ser som mindre sentrale punkt.

#### Drøfting av begrepet nøytralitet

På side 3 og 4 i manuskriptet drøftar du begrepet nøytralitet. Du hevdar heilt riktig at nøytralitet er vanskeleg å definere.

Idet du konstaterer dette faktum, synest eg du blir litt uklar i forhold til den vitskaplege tenkjemåten og det som er ditt studieobjekt: "textual messages".

Når vi innan vitskapen skal komme fram til definisjonen av eit begrep, bestreber vi oss på å komme fram til eit begrep som kan akseptast i det vitskaplege samfunn, og som samstundes tener vitskapens formål. Slike definitoriske forsøk blir ført i eit denotativt, nøytralt og objektivt språk. Vi prøver å komme fram til ein allmenngyldig definisjon som kan bli godteken på tvers av kultur.

Dette må ikkje blandast saman med slik nøytralitetsbegrepet blir definert for politiske formål, eller for å tene retoriske strategiar, om ein vil. Det er eit heilt anna prosjekt. Spørsmålet blir ikkje kva definisjon av nøytralitet som er klarast og best gagnleg til å belyse fenomenet i internasjonal politikk, men spørsmålet blir heller kva definisjon av nøytralitet vil gagne min stats interesser best. Difor ser vi også at begrepet i daglegtalet stendig endrar innhald med skiftande politiske tilhøve, samtidig som det er avhengig av kva

aktørar som nyttar begrepet.

Det vil gå fram av avhandlinga at begrepet blir tillagt positive eller negative konnotasjonar alt etter kva interesse aktøren har i det aktuelle tilfellet. Når slike definitoriske forsøk blir gjort utifrå politiske formål, er også språkbruken dramatisk ulik den vitskaplege. Ornamentikken er blomstrande, verdisymbola mange, medan det vitskaplege språket er det rakt motsette.

Det er sjølvstøtt eit visst avhengighetsforhold mellom den vitskaplege definisjonen og dei definisjonane som blir nytta i retoriske strategiar for politiske formål, men det er ein langt meir subtil avhengighet enn ein her kan få inntrykk av.

Heilt enkelt kunne vi formulere det slik at det eksisterer eit spenningsfelt mellom den objektive vitskaplege definisjon av nøytralitet og begrepet nøytralitet som eit policy-instrument for ein stats politikk.

I praksis vil vi kanskje komme til at det ikkje eksisterer ein nøytralitetspolitikk. Vi må uttrykkje oss i fleirtal: nøytralitetspolitikkar. Dette synest eg går fram av avhandlinga di.

#### Tekst versus tale

I den retoriske litteraturen blir det reflektert mye over tekst som kommunikasjon og munnleg tale som kommunikasjon.

Ditt materiale er "textual messages".

Det hadde kanskje vore på sin plass at du drøfta implikasjonane av dette. Problemet er særleg aktuelt i ditt tilfelle der du er oppteken av det instrumentelle, det som eg i min språkbruk ville kalle for retoriske strategiar innebygd i teksten.

Eg nemner dette fordi det intensjonelle, aktørens hensikt, burde

ha blitt problematisert i forhold til munnleg overlevering versus overlevering av budskap i form av tekst.

### Vitskaplege modellar versus verkelegheten

På side 22 drøftar du den totalitære versus den pluralistiske modellen i Sovjetstudiar, og du konkluderer der med at for dine analyseformål hallar du til den totalitære for den perioden i sovjetisk politikk som du analyserer.

Dette har eg absolutt ingenting å innvende mot når det gjeld substansen i konklusjonen din, men språkbruken i drøftinga av problemet er ikkje tillitsvekkjande.

Eksempel på dette er når du seier: "...the author has, at least as implicit mental points of departure..."

Dette er ei uheldig formulering for den bryt med eit hovudkriterium på vitskaplege prinsipp der vi ikkje kan godta "implicit mental points" medan det i det vitskaplege prosjekt stendig er tale om at det som er implisitt i våre intuitive modellar blir gjort eksplisitt.

Vidare set ein unekteleg igjen med det inntrykk at forenkling representerer noe negativt. Igjen kjem du på kollisjonskurs med vitskaplege prinsipp. Både i våre intuitive modellar, så vel som i våre vitskaplege, er forenkling stendig ein nødvendig og positiv prosess. Utan denne forenklingsprosess vil ikkje den menneskelege hjerne kunne fungere i sin intuitive analyse, og vitskaplege modellar ville vere utan verdi.

Lengre nede skriv du: "It seems justifiable to make such an oversimplification..." Bruken av oversimplification kan bli misforstått fordi det leier tanken inn på ein dysfunksjonell forenklingsprosess, forenklinga tener ikkje lenger til å belyse problemet.

Det du har gjort er, etter mi vurdering, ei forenkling som er nødvendig og difor positiv utifrå forskingsformålet, og da er det forenkling, men ikkje overforenkling.

Kanskje er dette pirk, men eg tek det opp fordi du verkar litt uklar når det gjeld forenklingens oppgåve i det vitskaplege prosjekt.

### Sirkulære resonnement

På side 30 står det "...Since this part of the study deals with the instrumental use of language. Evidently, we will also have to focus on the senders intention."

Med litt vrangvilje kunne dette oppfattast som eit sirkulært resonnement. I alle tilfelle kunne det vere hyggeleg om du kunne kommentere litt den skilnad du ser mellom på den eine sida "instrumental use of language" og på den andre sida "intentional use of language"

Eg vil ikkje kalle det for ein svakhet ved arbeidet ditt at du avgrensar analysen av kommunikasjon til "textual messages". Dette er sjølv sagt ei av mange former å kommunisere på. Makt demonstrasjonar av ulike slag, der ein beveger seg bort frå sjølve språket som kommunikasjonsmiddel, kan vere ei vel så viktig form for kommunikasjon i internasjonal politikk.

Spesielle interessante situasjonar kan oppstå når aktøren kommuniserer gjennom fleire parallelle teiknsystem, og teiknsystema støttar opp om kvarandre for så å danne ein felles budskap. Kanne du tenkje deg å kommentere dette punktet i forhold til det arbeidet du har gjennomført? Det er vel klart at desse "textual messages" ikkje opererer i eit vakuum, men er kopla til andre teiknsystem.

### Valueladen symbols

På side 71 skriv du "presumably, argumentation based upon valueladen symbols tends to be more impressive than reasoning referring to relatively vague beliefs like what the essence of neutrality is."

Dette er ein interessant observasjon, og første spørsmålet mitt er: Kva er det rimeleg utifrå denne konstatering å anta at adressaten primært er, er det beslutningstakarane på toppnivå, eller er det den offentlege opinion eller begge deler?

Dersom adressaten hadde vore beslutningstakarar på høgt nivå vil vi da ha venta oss ein meir denotativ språkbruk, dette som du beskriv som "relatively vague beliefs" enn dersom adressaten er opinionen i dei nøytrale landa.

Eg har fleire spørsmål knytt til dette problemet.

Det er vanleg antatt at denotativ språkbruk blir relativt greitt forstått på tvers av landegrenser. Trafikksignal t.d. blir oppfatta stort sett likt over heile verda. Dei er teikn på det denotative nivået, i motsetning til "valueladen symbols" som er konnotasjonsspråket. Dette språket utmerkjer seg ved at det får overført svært mye meining i få ord. Forstått på denne måten er dette ei økonomisk form for kommunikasjon, men samtidig er språket upresist og mangetydig, og det er gjerne knytt til eit folks spesielle historie. Utan band til denne historia vil ikkje konnotasjonsspråket få dei tilsikta verknader, det vekker ikkje folks kjensler.

Men dersom ditt funn er at valueladen symbols pregar Sovjetunionens retoriske strategiar, så blir spørsmålet mitt om desse symbola er skreddarsydde for befolkninga i dei nøytrale landa, er det symbol som er felles for dei nøytrale landa og Sovjetunionen, eller er det symbol som reflekterer Sovjetunionens spesielle historiske røynsler og som er avlagra i språket.

**Sontag og hans metafor**

På side 113 omtaler du ein metafor henta frå Sontag som lyder: "Cancer treatment is war". Utifrå denne metaforen er påstand nummer 1: Denne metaforen dominerer totalt vår konseptualisering av problemet kreft.

Fordi om eg betviler denne sterke påstanden, let eg det passere. Derimot tek eg sterk avstand frå påstand 2. Her skriv du idet du stendig siterer frå den same Sontag: "Among other things, it's prevalence inhibits the introduction of treatment methods that would be less dramatic for the patient." Her skjer det ei grov forenkling i forholdet mellom konseptualisering av eit problem og menneskelege handlingar.

Kampen mot kreft er vitskap. Vitskapen står i eit dialektisk forhold til språket. Den står i ein viss avhengighet til språket for konseptualisering av problemet. Men samtidig vil nye vitskaplege funn endre språket, skape nye begrep og endre vår tenkjemåte. Sontag forenkler inntil det utilgivelege ved å underslå vitskapens tosidige forhold til språket.

### Avslutning

Avhandlingsresultata viser klart korleis retorikken blir viktig ved Sovjetimperiets yttergrenser der dei nøytrale statane ligg. Grensene for innverknad blir meir uklare, muligheten for rein maktbruk mindre. Dette gjer at det som Petersson kallar for "skills" i bruken av det politiske språket, blir eit viktigare instrument i supermaktas politikk.

Petersson konkluderer med at "the textual messages" sendt til dei nøytrale statane i Europa i etterkrigstida i form av publiserte artiklar kan fortelje oss mye om sovjetiske hensikter til ei kvar tid. Petersson har vist at dette materialet på ingen måte er trivielt. Den overflatiske betraktningsmåten om at dette er rituell prosa som ikkje er noe leiestjerne til forståing av sovjetisk tenking og atferd i internasjonal politikk, blir gjort



til skamme. Analysen viser at det politiske språket i sovjetiske "textual messages" varierer frå land til land, frå case til case, og det varierer over tid. Dermed kan ikkje Peterssens datamateriale avskrivast som det franskmennene kallar "langue de bois", ein stiv og innhaldslaus språkbruk med ein monotomi som er ufølsom ovafor svingande politiske konjunkturar.

Gjennom eit begrepsapparat henta frå sosialpsykologi og semiotikk avdekkjer Petersson mønster i språkbruken som kan vere eit viktig hjelpemiddel i å tolke og forstå sovjetiske hensikter og politikk på. Hensikter i internasjonal politikk er pr. definisjon ustabile og skiftande, og dei er i aller høgste grad knytte til kontekst.

Petersson påviser at retorikken, eller det politiske språket om ein vil, varierer med Sovjetunionens hensikter. Språket blir med andre ord eit middel til å avlese hensikter.

Alt avhengig av dei hensikter Sovjetunionen måtte ha, vil retorikken i "the textual messages" avsløre dette.

Men for å avsløre denne variasjonen i bruken av språket, nyttar Petersson eit omfattande begrepsapparat som analytisk verktøy-intuitiv kunnskap om språket vil ikkje vere tilstrekkeleg.

Vi får eit meir presist bilde av sovjetiske hensikter. Kva var til dømes ambisjonsnivået til supermakta i dei tilfelle der kampanjar blei sette i verk mot dei nøytrale statane. Petersson påviser at dette var dramatisk ulikt frå tilfelle til tilfelle. Når det galdt Østerikes EF-politikk, var ambisjonsnivået høgt, men ambisjonsnivået var lågt når det galdt militærbudsjetta til Sverige og Sveits. Vi kunne kanskje kalle det for retoriske prøveballongar.

I det instrumentelle perspektivet blir språket sett på som eit middel til å overtyde aktøren på. Da kan sjølv sagt framstilling av saksforhold avvike sterkt frå det som aktøren eigentleg har av reelle persepsjonar av det same saksforholdet.

Petersson er oppteken av også å fange desse reelle persepsjonar

som kan forkludrast eller gjerast uklare i den taktisk eller instrumentelt motiverte argumentasjonen. Vel vitande om at same språklege uttrykk både kan vere reflekterande og instrumentelt motivert på ei og same tid, er Petersson av den oppfatninga at visse språklege uttrykk er meir reflekterande enn andre. Her avgrensar Petersson seg til metaforen.

Metaforen "Neutrality is a camouflage" fører tanken mot det som i litteraturen blir kalla for konspirasjonstenking. Vi kunne også kalle det for dei patologiske trekk ved aktørane tenkemåte i internasjonal politikk, og denne patologiske tenkinga er på ingen måte isolert til Sovjetunionen.

Metaforen "The neutral state is a wanderer" er uttrykk for brot med den innadvendte patologiske konspirasjonstenking der internasjonal politikk blir omgjort til taktikk, lureri og vondskap, til eit meir optimistisk syn på nøytralitet. Inspirert av utviklinga i den tredje verda styrer den nye metaforen mot overdreven optimisme, ønsketenking som m.a. Geertz hevdar alltid er eit islett i ideologisk tenking.

Petersson påviser at det ikkje er noen tilfeldigheit når den eine eller andre metaforen dukkar opp i "the textual messages" til dei nøytrale statane.

Metaforen "Neutrality is a camouflage" hadde stor validitet i heile stalinperioden som uttrykk for sovjetiske persepsjonar av nøytralitet. Med Krustsjov og dei endra internasjonale forholda dukka "The Neutral state is a wanderer" opp utan at den første metaforen blei lagt død for alltid. Den dukka tvert om opp i den politiske diskurs i heile perioden som eit teikn på at klimaet mellom Sovjetunionen og dei nøytrale statane for alvor var på kollisjonskurs.

Petersson gir oss innsikt i sovjetisk politikk og ikkje minst i det politiske språket i datamaterialet frå analysen av internasjonal politikk. Han har skriva ei avhandling som eg hadde stor glede og utbyte av å lese.

## Nupi Notat 1989 — 1990

- Nr.419 Ole G. Austvik Amerikansk embargo av gass fra Sibir i 1982. Mulige strategier for salg av norsk naturgass. (Januar)
- Nr.420 Johan J. Holst The Evolution of East-West Relations and the Arms Control Dialogue during the Next Two Years.- A Personal forecast. (February)
- Nr.421 Janne H. Matlary Politics and Economics in International Relations. The Quest for an Analytical Framework. (February)
- Nr.422 Johan J. Holst Civilian-Based Defence in a New Era. A Keynote Address. (Febr.)
- Nr.423 Johan J. Holst The Reconstruction of Europe. A Norwegian Perspective. (February)
- Nr.424 Bruce W. Jentleson  
Janne H. Matlary Export Controls and East-West Energy Trade in the 1990s. (February)
- Nr.425 Johan J. Holst The Future of Europe. A Personal Scenario. (May)
- Nr.426 Johan J. Holst The Changing European Environment. Political Trends and Prospects. (May)
- Nr.427 Margarida P. Ferreira East-West Economic Relations. A Historical View. (June)
- Nr.428 Jan Fagerberg The Process of Economic Integration. Consequences for EFTA Countries and Firms. (June)
- Nr.429 Andreas Gaarder The Prospects of an Economic and Monetary Union in Europe. A Cost-benefit analysis. (August)
- Nr.430 Johan J. Holst Global Warming and Policy Making. (October)
- Nr.431 Daniel Heradstveit Eliteintervjuing innan ramma for ein kumulativ og komparativ forskingsstrategi. (Oktober)
- Nr 432 Daniel Heradstveit Det politiske språket i Sovjetunionen. (Oktober)

**P**

UBLIKASJONENE PÅ DENNE  
SIDEN ER DE SIST UT-  
KOMNE INNEN DE RESPEKTIVE SERIER.  
ALLE ER Å FÅ SA VEL I ABONNEMENT  
SOM I LØSSALG FRA :

NORSK UTENRIKSPOLITISK INSTITUTT  
POSTBOKS 8159 DEP., 0033 OSLO 1

ELLER VED TELEFONISK HENVENDELSE  
RETTET TIL TIDSSKRIFTKONTORET:  
(02) 17 70 50 LINJE 605

IP. Kr.75 (Abonnement kr.195)  
FFU. Kr. 60 (Abonnement kr.100)  
NUPÅ. Kr.210 (Abonnement kr 210)

# INTERNASJONAL POLITIKK

## nr.3

# 1990


48. ÅRGANG

- Fra kompostkommunisme til postkommunisme  
Per Egil Hegge
- Tysk gjenforening  
Martin Sæter
- De Gaulles Europa-politikk  
Martin Sæter
- Europa-debatten i Arbeiderpartiet  
Espen Barth Eide
- Nabolandspolitikk og kald krig  
Olav Fagelund Knudsen
- GATT-forhandlingene om jordbruksproblema  
Nils E. Sørgaard
- Et norsk fakenprosjekt i Nicaragua  
Bjørn Hersoug
- Forsvarsrådet  
Bjørn Egge
- Bokmeldinger

NORSK UTENRIKSPOLITISK INSTITUTT

## NYHETER FRA NUPI

# NORSK UTENRIKSPOLITISK ÅRBOK 1989



### Forum for utviklingsstudier



Nr. 1 1989 tar bl.a. opp følgende temaer:

- Bærekraftig utvikling i Sahel-området
- Perspektiv på den økologiske krisen i Rødehavsregionen
- Politikk og vitenskap i en miljøtid: ørkenspredning, ozonhull, sur nedbør, drivhuseffekt, regnskoger
- Lærdommen fra 20 års bistandssamarbeid med Tanzania
- Kinas bistandspolitikk i historisk perspektiv

Nr. 2 1989 (vil foreligge i desember)

Temahefte om statens rolle i utviklingsprosessen, med bidrag fra flere disipliner (sosialantropologi, historie, offentlig administrasjon, sosiologi, statsvitenskap og økonomi).

Nr. 1 1990 (vil foreligge i april 1990)

Temahefte om bærekraftig utvikling.